



ASKØY KOMMUNE
Klampavikvegen 1
5300 KLEPPESTØ

Dato: 27.12.2016
Vår ref.: 2016/34471-5
Saksbehandlar: HANVIE_
Dykkar ref.:

Fråsegn til høring av planprogram for rullering av kommuneplanens arealdel, Askøy kommune 2016

Vi viser til brev datert 23.11.2016 om varsel om oppstart av arbeid med kommuneplanen for Askøy kommune og høring av planprogram. Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. Vi viser også til møte i regionalt planforum 13.12.2016.

Vurdering og innspel

Askøy kommune er ein kommune i vekst og har behov for gode planar og strategiar for å sikre god framtidig utvikling. Kommunen vedtok kommuneplanens samfunnsdel i 2015. Målet med rulleringa av kommuneplanen er å følgje opp dei måla og strategiane som vart gjeve i samfunnsplanen og rullere kommuneplanen i tråd med dei framtidige utfordringane som kommunen står ovanfor.

Generelt om planprogrammet

Planprogrammet som ligg føre er godt utarbeida inneheld dei elementa som bør være med i eit planprogram. Planprogrammet legg eit godt grunnlag for å vidareføre måla frå samfunnsplanen til kommuneplanens arealdel. Gjennom dokumentet gjev kommunen informasjon om dei overordna føringane, prioriterte plantema, og kva slags behov det er for utgreiingar. Dei regionale føringane for planarbeidet kjem tydeleg fram i dokumentet. Planprogrammet inneheld også informasjon om korleis kommunen planleggjar framdrifta av planarbeidet og korleis det skal leggjast til rette for medverknad. Det er positivt at kommunen legg vekt på god informasjon om korleis ein kan kome med innspel.

Det er viktig med eit god samsvar mellom kommuneplanens samfunnsdel og arealdel. I arealdelen bør ein gjere ein vurdering av arealbruken med eit heilskapleg fokus der ein både ser på nye innspel og tidlegare vedtekne, ikkje utbygde areal. På denne måten kan ein vurdere om kva areal som skal oppretthaldast, om det er naudsynt å ta ut enkelte areal, samt kvar og kor det bør tilførast nye. Gjennom planprogrammet som ligg føre kjem det fram at Askøy kommune skal gå gjennom eksisterande arealføremål i gjeldande kommuneplan, serleg knyt til bustad/ LNF og næringsområde.

Det er gjeve fem overordna prinsipp som skal være styrande for arbeidet med arealdelen. Prinsippa omfattar mellom anna trygge nærmiljø, senterstruktur, livskraftige lokalsamfunn, klimavennleg transportmønster, grønne strukturer og friluftsliv. Dette er viktige og sentrale prinsipp for ein god framtidig utvikling i kommunen. Hovudteama for rulleringa av kommuneplanen er:

- Senterstruktur
- Bustadstruktur og utbyggingsmønster

- Grønstruktur
- Næringsstruktur
- Teknisk infrastruktur
- Sosial infrastruktur

Hordaland fylkeskommune kjem vidare med innspel som vil være relevant for det vidare planarbeidet.

Areal og transport

Kommuneplanen er eit sentralt styringsdokument der ein kan leggje til rette for effektiv arealbruk og mindre trong for transport. Regional transportplan, Regional plan for klima og energi og det pågåande arbeidet med Regional plan for samordna areal og transport i Bergensområdet er relevane for det vidare arbeidet med kommuneplanen.

Askøy kommune er ein vekstkommune. I arbeidet med arealplanen er det difor svært viktig å være strategisk i plasseringa av nye bustad- og næringsområder. Målet må være å hindre ein spreidd busetnad som fører til økt biltrafikk. Dette målet er kommunisert i kommunen sine overordna prinsipp for rullering av arealdelen. Det har ikkje vore tradisjon for å bygge tett i kommunen tildegare, og kommunen er i dag prega av mange einbustader spreidd over kommunen. Dette stiller store krav til arealplanlegginga i tida framover. I planprogrammet er det skissert viktige strategiske arealstrategiar. Mellom anna vert det lagt vekt på at tenester skal lokaliserast til senterområder, og både bustadområder, næringsområder og idrettsanlegg skal primært ligge langs eksisterande kollektivnett. Det vert viktig at det gjennom kommuneplanarbeidet vert prioritert områder som skal få særleg fokus for utvikling.

I første rekke bør kommunen konsentrere arbeidet om å utvikle Kleppestø til eit levende og attraktivt region- og kommunesenter. Attraktive arealområder i Kleppestø er i dag dominert av bilparkering, og kommunen sine planer for å transformere området til eit levande senter er svært viktig. Kleppestø er i dag det viktigaste handelssenteret og kollektivknutepunktet på Askøy. Det er rom for å utvikle Kleppestø parallelt med å gjere området Kleppestø – Myrane til eit attraktivt som bustadområde. Kollektivdekninga langs dette strekket er bra, og den korte avstanden gjer bruk av sykkel og gange serleg aktuelt. Sjå meir om dette under avsintt om senterutvikling.

Askøy kommune har ein ung befolkning og det er i denne aldersgruppa det har vore størst endring i reisevaner, med mindre bilbruk og meir miljøvennleg reiseaktivitet i det daglege. Både sentralt i Kleppestø og området rundt bør det satsast på høg tomteutnytting og lav parkeringsdekning. Det bør merkast at kollektivandelen for Askøy kommune er høg, og dette skuldast særleg mange reisande til og frå Bergen. Skyss arbeider kontinuerlig med å utvikle busstilbodet på Askøy innanfor tilgjengelige økonomiske rammer. Traseen mellom Kleppestø og Juvik vil vere en viktig trase sidan den betener viktige målpunkt som vidaregåande skule, Juvikområdet og korridoren vidare mot Ravnanger som er det nest viktigaste kollektivknutepunktet på Askøy

I planprogrammet er det skissert opp viktige tema for konsekvensutgreiing, og desse verkar å vere dekkande for vidare kartlegging. Kunnskap om ulike transportbehov, avstand til viktige målpunkt og trafikktryggleik er dekket, men knytt til ulike tema. Dette kan gjere utgreiingar knytt til transport noko uoversiktleg. Det er til dømes viktig å sjå samanhengen mellom gang- sykkelveger, trafikktryggleik og avstand til skule.

Senterstruktur og tettstadsutvikling

Den regionale planen for attraktive senter i Hordaland er eit viktig grunnlag for det vidare arbeidet med senterutviklinga i Askøy kommune. Hordaland skal ha attraktive sentre som fremjar god livskvalitet, eit robust næringsliv og miljøvennleg transport. Kommunane skal gjennom kommuneplanarbeid innarbeide ein senterstruktur i samsvar med den regionale planen. Senterstrukturen gjeve i senterplanen er fylkessenter,

regionsenter, kommunesenter og eventuelt lokalsenter og nærsenter. Gjennom kommuneplanarbeidet er det også viktig å definere sentrumsutstrekning.

Arbeidet med Askøy kommune sin senterstruktur kjem fram som eit tydeleg mål i det vidare arbeidet med kommuneplanen. Det er og gjeve mål om at kommunen skal avgrense sentrumsområde. Kleppestø er definert som regionsenter og har ein viktig rolle for å avlaste fylkessenteret i Bergen. I det vidare arbeidet med sentrumsutstrekning ber vi om at det vert teke omsyn til dei lokale forholda på staden. For å leggje til rette for sentrumsområde der gange og sykling vert attraktivt, må sentrumsutstrekninga ha omsyn til det historiske senteret, dagens situasjon, terreng, knutepunkt og behov for utvikling. Vi ber om at avstand til sentrum vert utgreiingstema ved vurdering av nye arealføremål.

Handel

Handel er eit sentralt tema i kommuneplanen. For å skape attraktive senter er det viktig å leggje til rette for handelsverksemd tilpassa nivå i senterstrukturen. Vi minner om retningslinje 4.3 i den regionale planen for attraktive senter. Retningslinja gjev at behovet for areal til handel skal være tema i kommuneplanens arealdel. Vi rår til at kommunen utarbeidar ei overordna handelsanalyse på kommuneplannivå som grunnlag for framtidig handelspolitikk i kommunal planlegging. Vi minner og om retningslinje 4.4 som gjev at handel skal være tema når det vert drøfta nye bustadområde.

Landskap, friluftsliv og strandsone

Det er viktig å ha omsyn til landskapet i kommuneplanlegginga. Tema landskap er mangfaldig og kan omfatte både kvardagslandskapet og større natur og landskapsområde. Gjennom kommuneplanen er det viktig at det vert teke omsyn til dei verknadene ny utvikling vil ha for landskapet.

Askøy har store verdiar knytt til friluftsliv i varierte markaområde og område i sjø og strandsone. Kommunen har sett i gong arbeid med å kartleggje og verdivurdere kommunens område for friluftsliv, strandsone og revidere kjerneområde for landbruk og skogbruk. Det er gjeve gode arealstrategiar for det vidare arbeidet med natur og friluftsområde. Hordaland fylkeskommune er positiv til at kommunen har tydelege strategiar for å sikre god og framtidretta utvikling i strandsona, og at det er sett igong arbeid med kartelegging av funksjonell strandsona. Vi ber om at den funksjonelle strandsona syner tydeleg i plankartet. Hordaland fylkeskommune sin kartportal www.karti.vest.no, er eit nyttig kunnskapsportal for det vidare arbeidet med landskap, friluftsliv og strandsone.

Klima og energi

Regional plan for klima og energi har mål om reduksjon om klimagassutslepp, meir effektiv energibruk og betra tilpassingar til klimaendringane. Planprogrammet legg opp til eit heilskapleg fokus på klima og energi for å møte dei framtidige utfordringane vi har i fylket. Dette overordna fokuset er i samsvar med den regionale klimaplanen for Hordaland.

Folkehelse, barn og unge

Askøy kommune har gjennom planprogrammet sett tydeleg fokus på arbeidet med folkehelse og barn og unges interesser. Det er lagt vekt på å sikre god medverknad frå ulike grupper. For å sikre barn og unges interesser i kommuneplanen ber vi om at det vert sikra føresegner som sikrar rekkjefølgje for etablering av grønstruktur, og føresegner som skirar kvalitet i areala for born og unge.

Råstoffutvinning

I planomtalen i gjeldande arealdel (2012-2023) er *råstoffutvinning – Mjølkeviksvarden* (kap. 3.3.5) omtalt blant hovudtema under næring. Det går fram der at forslaget om å utvide steinbrotet sørover ikkje vart teke inn, fordi inngrepet vart for stort i forhold til lokale forhold og konflikt med andre interesser, og at kommunen ville avvende utvikling i eksisterande område og vurdere utviding av næringsområdet ved neste rullering, altså ved denne rulleringa. Gjeldande plankart viser eit noverande område avsett til råstoffutvinning som grensar til eit framtidig område i sørvest.

NorStone Askøy AS på Mjølkeviksvarden har ein årleg produksjonskapasitet på opptil 1 million tonn i året, og har eit terminalanlegg på Laksevåg. Etter vår vurdering har lokaliteten til Norstone Askøy på Mjølkeviksvarden ei gunstig lokalisering for mottak og vidareforedling av overskotsmassar av stein frå bygging av store infrastrukturprosjekt i Bergensregionen, medrekna E39 sør for Bergen og E16/Bergensbanen Arna-Voss. Det er kjent at desse prosjekta m.m. vil generere store overskotsmassar av stein, som ein bør søkje å bruke på ein samfunnsnyttig måte. Mykje av desse steinmassane bør vere eigna for mellomlagring og vidareforedling ved knusing og sikting til å produsere ulike typar og kvalitetar av byggjeråstoffs pukk, grus og sand. I Hordaland, som er eitt av dei minste sand- og grusfylka i landet, vil dette vere særleg aktuelt.

Slike «massedisponeringslokalitetar» bør helst liggje nær område med stor byggjeaktivitet slik som i Bergensregionen, jamfør til dømes kriterium for lokalisering i ny regional plan for masseforvaltning i Akershus fylkeskommune. I regional planstrategi for Hordaland 2016–2020, vedteken i desember 2016, er det teke inn at det skal utarbeidast ein ny regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar. I strategien står det: «Planen kan også omhandle forvaltning av stein, sand, grus og mineraler, også bruk av overskotsmassar frå samferdselanlegg».

Pukkførekomsten ved Mjølkeviksvarden er vurdert som eit nasjonalt viktig pukkførekomst i den nasjonale pukk- og grusdatabase ved Norges geologiske undersøkelse (NGU). I nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (kgl. res. 2015) vert det forventa at fylkeskommunane og kommunane sikrar tilgjenge til gode mineralreservar for mogleg utvinning og veg dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser, og at behovet for og tilgangen til byggjeråstoff vert sett i ein regional samanheng. Det årlege forbruket av pukk og grus i landet er på ca 12 tonn per innbyggjar. Ifølgje ressursrekneskap for grus og pukk i kommunen i 2013, i NGU rapport 2014.048 *Ressursregnskap for grus og pukk i Hordaland 2013: Askøy pukkverk – framtidig situasjon: Askøy pukkverk er en betydelig aktør, av nasjonal betydning, med stor produksjon av pukk til et stort marked i Hordaland. Det foregår også eksport av masser til Rogaland og til utlandet. Det er pukk av meget god kvalitet som utvinnes på Askøy som det er meget viktig at ivaretas og benyttes til kvalitetskrevenne formål, selv om gjenværende ressurser er noe begrenset.*

Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune gjev innspel som regional sektorstyresmakt for kulturminne. Innspelet nedanfor er forankra i regional plan for kultur – PREMISS: KULTUR – og i nasjonal lovgjeving og politikk. Kulturminnelova sitt føremål § 1 seier mellom anna at:

«Kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon skal vernes både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø- og ressursforvaltning. Det er et nasjonalt ansvar å ivareta disse ressursene som vitenskapelig kildemateriale og som varig grunnlag for nålevende og framtidige generasjoners opplevelse, selvforståelse, trivsel og virksomhet.»

Visjonen i regional kulturplan PREMISS: KULTUR, er mellom anna uttrykt slik:

«Utviklinga av dei fysiske omgjevnadene med arkitektur og stadutvikling er sektorovergripande politikkområde. I PREMISS: KULTUR vert den estetiske forminga og forvaltninga av bygningar, omgjevnader og landskap tematisert, likeeins samanhengen mellom kulturminne, landskap og ny arkitektur og tydinga for lokal, regional og nasjonal identitetsskaping. Kultur har ei grunnleggjande rolle for utforminga av ein politikk som fremjar ei berekraftig utvikling og bør integrerast som strategisk verkemiddel i regionalt, nasjonalt og internasjonalt utviklingssamarbeid.»

Innspel til planprogrammet

Kulturminne og kulturmiljø er eit av dei tema i planprogrammet som skal konsekvensutgreiast. Vi gjer merksam på at dokumentasjon og registrering av kulturminne i tilgjengelege registre og kjelder er mangelfull. I samband med utarbeiding av KU er det difor viktig at kommunane knytt til seg kompetanse, gjer vurderingar og registreringar av verneverdige kulturminne frå nyare tid. Vurdering av potensial for nye funn av automatisk freda kulturminne er særleg viktig i område med nye arealføremål med tanke på utbygging, næring, osb. I konsekvensutgreiinga må eventuelle kulturminne skildrast, og konfliktgraden mellom tiltaksområde og kulturminne, både automatisk freda kulturminne og kulturminne frå nyare tid, avklarast. Eventuelle avbøtande tiltak bør drøftast. Når det gjeld nyare tids kulturminne er det viktig at bygningar/bygningstilstand og kulturlandskap vert omtalt i KU. Kulturlandskap er eit område det er viktig å setje fokus på både i vurdering av konsekvens for deltema som landskap, friluftsliv og kulturminne og kulturmiljø.

Vi viser elles til Statens vegvesen si konsekvensutgreiing¹ for E39 Stord-Os, som vi meiner er eit godt døme på korleis dokumentere, registrere og verddivurdere konsekvensar for kulturminneinteressene, og korleis ein kan nytte interaktivt kart.

Serleg om kulturminne og kulturmiljø

Kulturminne og kulturmiljø er ein ikkje-fornybar ressurs som skal vernast i ein heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Omsynet til kulturminne skal sikrast i all lokal, regional og nasjonal utvikling og arealplanlegging. Hordaland fylkeskommune ser det som særst positivt at Askøy kommune har starta opp arbeid med kulturminneplan, då kommunane har hovudansvaret for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne i tråd med nasjonale mål, jf. dei nasjonale forventningane kommunal og regional planlegging frå 12.06.2015. Fylkeskommunen har ansvar for å sørge for dei nasjonale kulturminneinteressene og støtte kommunane med rettleiing.

Hordaland fylkeskommune vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vi ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Planar på offentleg høyring, som ikkje har tilfredsstillande dokumentasjon om kulturminne, kan verte returnert. Det er viktig at den gunstige koplinga mellom utvikling og bevaring som er nedfelt i kommuneplanen sine planføresegner i høve til kulturminnevern og bevaring av kulturlandskap vert lagt til grunn for kommunedelplanen. Ved offentleg ettersyn må ikkje planen vere i konflikt med automatisk freda kulturminne eller andre nasjonalt og regionalt viktige kulturminne på land og i sjø/vatn.

Forvaltning og formidling av hus og landskap er mellom anna hovudsatsing i den regionale kulturplanen *Premiss kultur*. Endra busetnad og infrastruktur er også ei kulturpolitisk utfordring, og kulturplanen rettar difor merksemd mot fysiske omgjevnader i rask omskifte: «*Ei god arealutvikling krev at både offentlege styresmakter og private utbyggarar tek eit heilskapleg ansvar... Høge krav til kvalitet i nye planar og istandsetting av bygde miljø skapar attraktive sentrum og er del av ei berekraftig stad- og byutvikling. Omgjevnader der folk møtest, skapar gode og levande lokalsamfunn. Ein arealpolitikk med vekt på kvalitet skal gje rom for menneskeleg utfalding, verke positivt på vår eigen trivsel og fremje fysisk, psykisk, kulturell og sosial utvikling og deltaking.*»

1

<http://www.vegvesen.no/Europaveg/e39stordos/kommunedelplan-m-konsekvensutgreiing>

<http://vegvesen.maps.arcgis.com/apps/webappviewer/index.html?id=f8d12c77ddeb472f8a98a288cccea484>

Omsynssoner

Freda kulturminne må visast på plankartet med omsynssoner d, jf. pbl § 11-8, d. Kulturminne som ikkje er freda kan òg ha verneverdi, desse må visast på plankartet som omsynssoner c innanfor delplanområda, jf. pbl § 11-8, c. Det overordna målet med omsynssone c er å ta vare på kulturminnet i det landskapet det ligg i. Det bør utgreiast korleis kommunen skal sikre verneverdige kulturminne innanfor delplanområda. Omsynssoner skal i utgangspunktet kombinerast med arealføremål som ikkje opnar for nye tiltak, til dømes LNF. Det må vidare knytast føresegner til omsynssone d og retningsliner til omsynssone c som sikrar at verneføremåla vert ivareteke.

Føresegner som sikrar omsynet til automatisk freda kulturminne, som må inn i planen, er følgjande:

Omsynssone d (SOSI-kode H730)

«I omsynssone d er det automatisk freda kulturminne. Arealet er bandlagt etter kulturminnelova § 4, jf. § 6. Tiltak eller inngrep som kan øydeleggje, skade, tildekke eller på annan måte utilbørleg skjemma kulturminnet mellombels eller permanent er ikkje tillate, jf. kulturminnelova § 3. Tiltak som kan ha innverknad på automatisk freda kulturminne skal leggjast fram for Hordaland fylkeskommune, jf. kulturminnelova §§ 3 og 8.»

Retningsliner som sikrar at verneføremåla til kulturminne og kulturmiljø vert ivareteke, som bør inn i planen, er følgjande:

Omsynssone c (SOSI-kode H570)

«Ved utarbeiding av reguleringsplanar og gjennomføring av tiltak på enkeltobjekt eller område innanfor omsynssone kulturmiljø skal kulturhistoriske og antikvariske verdiar takast vare på og sikrast varig vern gjennom reguleringsvedtak. Saker som gjeld tiltak i omsynssona skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering av kulturminneinteresser.»

Hordaland fylkeskommune har i dag kjennskap til at Strusshamn, Thomas Erichsens Minde (Hop-deler er fredet), Ask, Herdla flyplass og kystfortet på Ramsøy har regional og nasjonal kulturminneinteresse. Desse bør difor sikrast med omsynssone c (SOSI-kode H570) med retningsliner.

Andre hittil ukjente kulturminne, som kan ha regional og nasjonal kulturminneinteresse, bør òg sikrast på same måte som dei nemnd ovanfor.

Generelle føresegner

Dei generelle føresegnene er viktige for å få sikra omsynet til kulturminneinteressene jf. pbl § 11-9, nr. 7. Hordaland fylkeskommune ber difor om at ein i dei generelle føresegnene får inn at:

1. *«Kulturminne og kulturmiljø skal vera ein integrert del av planlegging og søknad om tiltak. I all arealplanlegging skal kulturminnemiljø dokumenterast og det skal visast til korleis ein har søkt å ivareta dette gjennom planforslag og plantiltak.»*
2. *«Verneverdige einskildbygningar og kulturmiljø og andre kulturminne skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressurs og verta sett i stand.»*

Hordaland fylkeskommune har ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i heile arealdelen sitt areal. Fylkeskommunen kan dermed ikkje seie seg samd i ny arealbruk i kommuneplanen sin arealdel før § 9 i kulturminnelova er oppfylt for det einskilde byggeareal, og tilhøvet til automatisk freda kulturminne er avklart. Undersøkingssplikt etter § 9 i kulturminnelova skal oppfyllest i samband med utarbeiding av reguleringsplan eller ved søknad om tiltak, dette gjeld både land- og sjøareal. Hordaland fylkeskommune ber difor om at ein i dei generelle føresegnene får inn at:

1. *«Hordaland fylkeskommune har ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i heile kommuneplanen sitt areal. Fylkeskommunen må ta atterhald om nye byggeområde i kommuneplanen sin arealdel, inntil*

§ 9 i kulturminnelova er oppfylt for dei einskilde byggeareal, og tilhøvet til automatisk freda kulturminne er avklart.»

For å sikre handhevinga av undersøkingsplikta, jf. § 9 i kulturminnelova, bør føresegner knytt til LNF-område med høve for spreidd utbygging og spreidd næring vere:

1. *Alle tiltak i ubebygd areal innanfor LNF-område med høve for spreidd utbygging og spreidd næring skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering av kulturminneinteresser, jf. kulturminnelova §§ 3, 8 og 9.»*

Riksantikvarens merknader og vurderingar

I brev frå Riksantikvaren datert 16.01.2017 står det at:

«Innspelet frå Riksantikvaren til varsel om oppstart av rullering av kommune planens arealdel og høyring av planprogram for Askøy kommune, gjeld Herdla mellomalderkyrkjestad, Askeladden id nr. 84557. Mellomalderkyrkjestaden med sikringssone er eit automatisk freda kulturminne jf. kulturminnelova § 4.

Fylkeskommunen er kulturminnemynde i plansaker etter plan- og bygningslova, og skal gi ein samla uttale til planforslaget på vegne av kulturminneforvaltninga. Fylkeskommunen er også delegert ansvaret for omgjevnadene til listeførte kyrkjer.

Innanfor planområdet ligg Herdla mellomalderkyrkjestad. Noverande kyrkje er bygd i 1863, og står på same staden som mellomalderkyrkja. Den eldste kyrkja er ikkje kjent, men ei steinkyrkje bygd rundt 1300 vart riven i 1861.

Kommentarar

Dei automatisk freda kulturminna er svært sårbare – ikkje berre i høve til inngrep, men også i høve til endringar i omgjevnadane. Forbodet mot skjemming av automatisk freda kulturminner står difor sterkt i lovverket. Eit sentralt punkt i denne saka er om tiltak i nærleiken av kyrkjestaden vil være utilbørlig skjemmaende, jf. kulturminnelovens § 3.

Vårt innspel på dette stadiet er generelt. Vi vil påpeike at den mellomalderske kyrkjestaden er eit kulturminne av nasjonal verdi. Det er viktig at ein ved planlegging av tiltak i kyrkjestaden sine nærmaste omgjevnader tar tilstrekkeleg omsyn til dette, slik at kyrkjestaden sin kunnskaps- og opplevingsverdi kan takast vare på for framtida.

For å synleggjere at den mellomalderske kyrkjesta den er eit automatisk freda kulturminne, skal det visast som omsynssone d) bandlagt etter kulturminnelova i plankartet og omtalas i føresegnene jf. pbl. § 11 - 8, SOSI - kode H - 730. Omsynssone d) skal ha svart rutenettskravur. Koordinatane for avgrensinga av Herdla mellomalderkyrkjestad ligg i Askeladden, id nr. 84557-3.

Denne teksten bør tas med i føresegnene til kommuneplanen for Herdla mellomalderkyrkjestad:

Den mellomalderske kyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging. Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova.

Det er med dette ikkje tatt uttrykkeleg stilling til arealbruken jf. kulturminnelova § 8 fjerde ledd.»

Forholdet til marine kulturminne

Planen har vore lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum. I e-post datert 05.01.2017 står det at:

«Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Vårt ansvarsområde, etter føresegn til Lov av 9.juni 1978 nr. 50 om kulturminne, gjeld marine kulturminne og omfattar derfor sjø- og strandområda, samt

vann og vassdrag. Bergens Sjøfartsmuseum er etter føresegna til Kulturminneloven marinarkeologisk uttalemuseum i forbindelse med alle tiltak som rårar sjøbotnen.

Museet er vidare rette myndigheit til å krevje undersøkingar ved tiltak, planer og utreiingar som vil kunne råka kulturminne under vann, og skal derfor underrettast ved oppstart av alle regulerings- og byggeplanar, samt andre tiltak som omfattar sjøareal. Vi minner om at undersøkingsplikta i Kulturminnelovens § 9 også gjeld for sjøbotnen og i vassdrag. Døme på tiltak i sjø er mudring/graving, utfylling/dumping, legging av vassleidningar, bygging av kaier, brygger, flytebrygger med meir. Særskild for kulturminne i vatn og sjø er Kulturminnelovens § 14 som inneber at skip- og skipslast eldre enn 100 år er statleg eigedom.

Varslinga skal skje gjennom Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, eventuelt med kopi av sakene direkte til oss for uttale. Alle saker må leggjast fram for fylkeskommunen, som er mottak for alle plan- og tiltakssaker. Våre vurderingar av kva for planer som krev særskilte undersøkingar vil bl.a. ta utgangspunkt i føreliggjande kunnskap om førekomstar av kulturminne, eventuelt en vurdering av regulerings-/ tiltaksområdets potensial for marine kulturminne.

Vi kan nemne at kommuneplanen omfattar fleire prioriterte område for marinarkeologi, som betyr at me generelt vurderer potensialet for automatisk freda eller verna kulturminne i sjøen som større her enn i andre områder. Dette skuldast bl.a. Askøys nærleik til Bergen. Det er fleire stader på Askøy, til dømes Strusshamn og Florvåg, som blei brukt som ventehamner for skip. I tilknytning til gamle ankrings- og hamneområde finner man gjerne marine kulturminne og maritime kulturmiljø, og slike stader vurderer vi også som viktige for marinarkeologien. Andre viktige område er Straumsnesholmane, Ask/Askehamn, Hanevik, Hauglandsosen, Fauskanger og område nord på Askøy rundt Herdla.»

Planprogrammet er lagt fram for Bjørgvin bispedøme. Dei har ikkje merknader på noverande tidspunkt.

Oppsummering

Planprogrammet som ligg på høyring er godt utarbeida og gjev gode føringar for det vidare arbeidet med kommuneplanens arealdel. Hordaland fylkeskommune har gjeve innspel til det vidare arbeidet og ber om at dette vert teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Vi ynskjer Askøy kommune lukke til med det planarbeidet. Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no. Vi deltek gjerne i vidare samarbeid, mellom anna kan regionalt planforum nyttast til drøfting av planutkast før offentleg høyring.

Eva Katrine R. Taule
kst. plansjef

Hanne Kathrin Vie
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

Hanne Kathrin Vie, Planseksjonen, Regionalavdelinga

Monica Cecylia Serafinska, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

Endre Sten Nilsen, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

Gunhild Raddum, Transportplanseksjonen, Samferdselsavdelinga

Hanne Espe, Seksjon for idrett og friluftsliv, Kultur og idrettsavdelinga

Jomar Ragnhildstveit, Seksjon for klima og naturressursforvaltning, Regionalavdelinga

Kopi til:

FYLKESMANNEN I HORDALAND